

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020**

Nina Bognøy, A, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Styret Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Bognøy var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Bognøy gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 medlemer tilstades.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Vestland fylkeskommune vedtar å bygga nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs i samsvar med endringane framlagd i denne saka og innafør eit samla budsjett på 112 mill. kr eks mva. der 12 mill. kr er statleg støtte. Dette er i tråd med tidlegare vedteke budsjett for anskaffinga.